




Vestnes
kommune

«Barndomen min ligger her,
vil at det skal bli finere og
mindre søppel»

Barnetråkk 5.-7.trinn

Innspel til kommuneplanens samfunnsdel



Vike Montessori skule

Helland barneskule

Tomrefjord skule

Fiksdal Friskule



midt i blinken

Innleiing

Barnetråkk viser elevane korleis deltaking i planprosessar fungerer, og korleis dei kan ta vare på rettigkeitene sine i ung alder. Gjennom Barnetråkk kan elever enkelt registrere og kartfeste korleis dei bruker sitt nærmiljø. Resultata sendast til myndighetene, og på denne måten kan elevane erfare korleis dei kan påverke gjennom demokratiske prosessar.

Alle skulane i Vestnes kommune blei invitert til å delta i ei «Barnetråkk-registrering». Skulane kunne sjølv velje om dei ville delta med heile eller deler av mellomtrinnet (5.-7.trinn). Registreringa føregjekk frå haustferien 2023 til påskeferien 2024. Fiksdal friskule deltok med 5.-7.trinn, Tomrefjord skule og Vike Montessori skule med 7.trinn og Helland barneskule med 6.trinn. Til saman deltok 69 elevar og dei registrerte 661 stader i kommunen dei har meiningar om. I tillegg har dei registrert skulevegar og vegar dei nyttar på fritida. Resultata fra registreringa skal i all hovudsak nyttast i arbeidet med kommuneplanens arealdel og ei meir fyldig rapport med kartfesting av barns bruk av nærområda sine vil da bli utforma. Barnetråkk registreringa seier likevel mykje om kva som er viktig for barna og er derfor nyttig å ta med i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Samandrag av innspel frå barna



Barna liker den fine naturen vår og utsikta til fjell og fjord. Dei liker plassar der dei kan møtast utandørs, som ikkje er for langt heimanfrå. Dei liker å leike i fjøra og i skogen, men sett også pris på tilrettelagde stader med leikeapparat, benkar, grassletter og leskur/gapahukar.

Stader der dei kan sykle, skate og spele ulike ballspel er mykje brukt. Badestrender med leikeapparat og store akebakkar er også populære møteplassar.



Barna mislikar søppel i naturen, forfalne hus, gamle bilar og campingvogner. Dei syns det er skummelt å ferdast langs vegar utan fortau og der det ikkje er gatelys. Dei synst også det er skummelt å sykle på vegar med dårlig vedlikehald. Nokon kommenterer at dei kunne ønske skulen var mindre kjedeleg, og at dei hadde mindre lekser.



Barna ønsker seg park, leikeplass, fotballbane og sykkelbane i nærleiken av der dei bur. Det er også ønske om eit større skianlegg på Ørskogfjellet.



Nokre eksempel frå elevane



Leikeplass: Fin leikeplass i Kataholmen



Møteplass: Her er joker, møtes og koser oss. Nesten like langt for alle



Sykling: Det er veldig gøy å sykkle på områder nær huset mitt



Liker: Eg liker kor eg bur fordi det er nerme vatnet og fin utsikt



Fin park: rett at med badestrand og bra klatre stativ og sklie



Fin skog: dette er den nermeste skogen min den er hyggelig liten og fin



Ønske: det er ikkje gang felt der so det vil i ha, det blir lit trygare



Skulen: Eg føler meg nesten aldri utestengt, det e berre bråkete, og i forstår ingenting



Søppel: Mange forlatte gravemaskiner og andre rare ting eg føler at det er lit skummelt å gå forbi, men det kunne vert veldig fint



Trafikk: eg bruker nokon gonger å bli nesten Skjørt på og der trenger det meir skilt



Mørkt: Det har ingen utelys så du kan se ingenting i mørket



Vil endre: Litt kjedelig skule 😊

